



Adresseliste

Saksbehandlar, innvalstelefon

Solveig Kalvø Roald, 5557 2327

## Informasjon til grunneigarane om mogleg utviding av Fedjemyrane landskapsvernområde

### Informasjon om supplerande vern

Statsforvaltaren i Vestland har fått i oppdrag frå Miljødirektoratet om å gå i dialog med kommunane i fylket for å finne fram til område som kan vere aktuelle for bevaring av verdifull natur. I desse områda skal vi vurdere om vern kan vere aktuelt, og i så fall i kva form.

I Vestland omfattar oppdraget i hovudtrekk mogleg oppretting av tre nye nasjonalparkar og 22 mindre område, i tillegg til utviding av 8 eksisterande verneområde. Det samla arealet av desse områda utgjer 8,4 prosent av det verna arealet vi har i Vestland i dag.

Eit av desse områda er på Fedje. Her skal vi vurdere om det kan vere aktuelt med ei utviding av dei eksisterande Fedjemyrane landskapsvernområde og Sekkedalstjørn naturreservat. Sjå vedlagt grov skisse til avgrensing av området nedst i brevet. Innanfor dette området står du oppført som grunneigar og du får derfor informasjon om denne prosessen no.

### Naturkrisje også i Vestland

Globalt, så vel som lokalt i Vestland står vi overfor ei naturkrisje like alvorleg som klimakrisa. Tap av natur til utbygging er den viktigaste enkeltårsaka. Områdevern sikrar at viktig natur ikkje blir øydelagd, og er difor eit av våre viktigaste verktøy i møte med naturkrisje.

Områda som no skal vurderast og utgreiast for vern i Vestland, skal bidra til å dekke manglar i eksisterande verneplanar. Om vi kan bevare desse områda som dei er, kan dette bidra til at vi når dei nasjonale måla om bevaring av eit representativt utval av norsk natur for kommande generasjonar og om å ta vare på trua artar og naturypar.

### Nasjonalt viktig natur

Det aktuelle området på Fedje har store førekommstar av terregndekkande myr, både i mosaikk og overlapp med kystlynghei. Både myr og kystlynghei er naturypar som er viktige å ta vare på, og naturtypen kystlynghei (kystlynghei som er i tradisjonell drift med beiting og brenning) er no så truga at den har fått status som «Utvald naturtype».



Kystlyngheiene på Fedje er truleg av dei eldste vi har i Vestland, og drift av kystlynghei, med beiting og brenning, er tatt opp att i Fedje landskapsvernområde. Dette har skjedd i dialog med Statsforvaltaren som er ansvarleg for verneområdet, og vi ønskjer å legge til rette for slik drift i aktuelle areal også i utvidingsområdet.

Vi har allereie mykje god kunnskap om naturmangfaldet i området, men treng oppdatert kartlegging i områda som ikkje er verna i dag. Desse områda vil bli kartlagt av kvalifiserte fagmiljø i løpet av sommaren.



I det aktuelle området er det store samanhengande myrområde, og desse områda er viktige for naturmangfaldet. Myr er også den naturtypen som lagrar mest karbon per arealeining og er dermed svært viktige i klimasamanheng.

### Lokal oppslutning

Målet med arbeidet framover vil vere å informere godt og ha ein god dialog med grunneigarar og andre involverte om kva eit vern vil innebere, slik at vi kan finne fram til område som det kan vere lokal oppslutning om.

Kommunane skal involverast i endeleg utveljing av kandidatområde for vern før det blir starta formelle verneprosessar. Det vil også vere høve til å foreslå alternative område til dei som er kome fram i prosessen til no. Gjennom dialogen med kommunane kan også Statsforvaltaren foreslå alternative område for å redusere eventuelle lokale konfliktar. Føresetnaden er at slike alternative kandidatområde har omtrent same naturfaglege kvalitetar som områda Miljødirektoratet har anbefalt.

### Dialog om kandidatområda

God dialog med kommunar, grunneigarar og andre lokale interesser er heilt sentralt i den vidare prosessen. Vi ønskjer informasjon om korleis området blir brukt i dag, både i landbruksamanheng, men også til friluftsliv og eventuell anna bruk. Denne informasjonen, kombinert med det som er/blir registrert av naturkvalitetar, vil danne grunnlag for å vurdere om vi skal gå vidare med verneprosessen. Om vi gjer det, vil vi også legge vekt på



slik informasjon når vi skal foreslå avgrensing og verneregler.


Eit vern vil kunne styrke tradisjonell landbruksdrift i området, men det vil òg legge føringar på ulike aktivitetar som kan skade verneverdiane i området. Grunneigarar og rettshavarar vil ha rett til erstatning frå staten for økonomisk tap dersom eit vern medfører ei vanskeliggjering av igangverande bruk etter naturmangfaldlova § 50.

### Arbeidet framover

Om det er interesse for det vil vi invitere grunneigarar og andre interesserte til eit informasjonsmøte i løpet av hausten 2023 for å informera meir om oppdraget og kva vern av området kan innebere. Dette vil du i så fall få meir informasjon om.

Vi håper også å få meir informasjon frå dykk som er lokalkjente om bruken av området og tips om det er lokale interesser og brukarar vi no i tidleg fase av arbeidet bør gå i dialog med.

Det vil vere både uformelle og formelle moglegheiter for grunneigarar og andre å kome med innspel. No er vi inne i ein informasjonsfase og heilt i starten av arbeidet. Sjå figuren som viser gangen i ein verneprosess.



Figuren viser gangen i ein verneprosess. Mørke punkt illustrerer formelle steg. Vi står no på punkt 2 som er innleide informasjonsfase.

Du finn meir informasjon om arbeidet på nettstaden vår som er:

<https://www.statsforvalteren.no/nn/vestland/miljo-og-klima/verneomrade/nye-verneomrade/supplerande-vern/>. Her vil du også kunna sjå meir nøyaktige digitale kartskisser og biletar frå alle dei andre kandidatområda i Vestland, og bakgrunnsdokument for dette oppdraget vårt.

Dersom du har innspel eller spørsmål kan du ta direkte kontakt med sakshandsamar på e-post [solveig.roald@statsforvalteren.no](mailto:solveig.roald@statsforvalteren.no) eller telefon 55 57 23 27.

Adresselista til denne invitasjonen er henta ut frå eigedomsregisteret. Dersom de finn feil, eller det er nokon som ikkje er på lista men som burde vore det, sett vi stor pris på å få attendemelding om det.

Med helsing

Eline Orheim  
seksjonsleiar

Solveig Kalvø Roald  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Fedje kommune	Adm.bygg	5947	FEDJE
---------------	----------	------	-------



Vedlegg:

- Kartskisse
- Mottakarliste

### Kartskisse som syner forslag til kandidatområde for supplerende vern på Fedje (med grøn skravur)



**Mottakarliste:**

KONGESTØL KARSTEIN EGIL	KJEILEN HEIDI GRETE	TANGEN MIKAEL GEIR
KONGESTØL JOHN	APELTHUN MAGNY HILDA T	TANGEN HELGE
MOLDØEN KLARA	TUNGLAND ROY ASLE	KEMP ÅSE TANGEN
HAUGLAND HJØRDIS K	OPHAUG PER-GUNNAR	SJØVOLL LIV HELGA TANGEN
BERTELSEN EIRIK	OPHAUG CHRISTIAN	TANGEN MIKAEL GEIR
BERTELSEN FRØYDIS	SELVIK HILDE	KEMP ÅSE TANGEN
LOKØY GRO	OPHAUG NILS MAGNUS	TANGEN HELGE
FJELDHEIM BÅRD	OPHAUG FRODE	SJØVOLL LIV HELGA TANGEN
BORGE ØRJAN	BRENDEHAUG CAMILLA M O	STOREMARK ÅGE
NORDBY ANNE LISE	OPHAUG MORTEN	MOLDØEN TURID
HUSA JOSTEIN	OPHAUG TRINE HALVOREN	STOREMARK SVEIN MAGNUS
ANDREASSEN BJØRN	HORDVIK LINDA VIGDIS L	STOREMARK ROBERT
MIKKELSEN ANITHA	LANGEDAL HELGE OTTO	HUSA EINAR ROGER
ÅSTVEIT KNUT	LANGEDAL GJERMUND KLAUS	HUSA BRITT-IREN
TANGEN EMMA DAGNY	NYBØ TURID	HUSA TERJE ANDRE
TANGEN GEORG MIKAL	NORDBY MARINIUS RUNE	HUSA PAUL INGVAR
ØIEN ROSE MARIT LANGEDAL	MOLDØEN ELISABETH	HUSA ROALD MAGNE
LANGEDAL BERTHA R	MOLDØEN JAN HARRY	LØLAND MERETE
ØIEN ROSE MARIT LANGEDAL	KYSTVERKET	LØLAND MERETE
BRENDEHAUG CAMILLA M O	BORGE ØRJAN	HUSA PAUL INGVAR
SELVIK HILDE	BREIVIK HENNING	HUSA BRITT-IREN
OPHAUG TRINE HALVOREN	BREIVIK HENNING	HUSA TERJE ANDRE
OPHAUG PER-GUNNAR	BREIVIK HENNING	HUSA ROALD MAGNE
OPHAUG NILS MAGNUS	MOLDØEN JAN HELGE	HUSA EINAR ROGER
OPHAUG MORTEN	MOLDØY ARILD	TUNGLAND ROY ASLE
OPHAUG FRODE	MOLDØEN TURID	TUNGLAND ROY ASLE
OPHAUG CHRISTIAN	MOLDØEN GERD KARIN	NYGÅRD JORUNN BERIT
STOKHOLM ODDLEIF	MOLDØEN GERD KARIN	NYGÅRD JORUNN BERIT
MOLDØEN HÅKON INSTEFJORD	MOLDØEN JAN HELGE	GULLAKSEN ALF LAURITS
MOLDØEN HERDIS INSTEFJORD	MOLDØEN TURID	PETTERSEN MARIT
MOLDØEN ERLEND	MOLDØY ARILD	LARSEN HUGO KARL
ROGNSVÅG STIAN STOKHOLM	STORMARK LEDVIN	TELLE GUNVOR KIRSTEN
ROGNSVÅG STIAN STOKHOLM	FAUSKE KARIN	STEINSLAND OLGA BERGITTE og JAN INGEBRIGT
HORGEN OLE MARTIN	STORMARK KONRAD K MARTIN	SAMNØY KJELL ARVE
MOLDØY MARIE RUTH	HERØY ELSA JØRGINE P	SAMNØY KJELL ARVE
STOREMARK MARGARET JENNY	MONGSTAD OLAF	HUSA ERNST
STORMARK KONRAD K MARTIN	FJELDHEIM BÅRD	HUSA ASTRID HELGA
STORMARK GUNNLEIV	BERTELSEN FRØYDIS	
BREMNES JORUNN STORMARK	BERTELSEN EIRIK	
STORMARK MARIT	KHAN HOLDING AS	

